

N. HEIATN 1983

Sanda Plan

165 Tysselva

H. Segrov

- 3 -

3 RESULTAT

Vasskvalitet.

Analyseresultata av vassprøvene er sett opp i tabellen under.

Vatn	pH	el. leiings-evne mS/cm	Alkalitet mmol/l	Kalsium mgCa/l	Aluminium mg AL/l
Ullsvatn	5,05	19,3	0,03	0,46	50
Nedre Heiavatn	5,24	15,1	0,06	0,39	22
Skardavatn	5,34	5,8	0,06	0,25	13

Ullsvatn må karakteriserast som heller surt med høgt aluminiumsinnhold. Vasskvaliteten er noko betre i dei andre vatna. pH-verdiar under 5,0 er rekna for marginale med omsyn til rekruttering og overleving for aure og laks.

Mageprøver.

Det vart teke mageprøve av 15 fisk frå kvart vatn, næringsvalet er gjeve i volumprosent i tabellen under.

Vatn	Næringsdyr							
	Fjørmygglarver	Fjørmyggupper	Vårflugelarver	Døgnflugelarver	Vasskalvlarver	Børstemakk	Bosmina sp.	Bythostrepes longimanus
Ullsvatn	7	45		3			40	5
Nedre Heiavatn	9	28				11		52
Skardavatn	9	8	3		4		3	73

Nedre Heiavatn, 582 m o.h., areal = 5,5 ha.

Vatnet ligg ca. 20 min's gange på god sti fra Rørtveit. Omgivnadene er låge, skogkledde åsryggar og myrar. Vatnet er grunt, spesielt i den nord-vestlege delen der ein finn sivvegetasjon, elvesnelle og flotgras. I nord-vestenden ligg ei hytte. Tilhøva for utøving av fiske er framifrå. Gytetilhøva er svært gode i innlaupselva frå Krokavatnet i nord.

Prøvefiske med 1 Jensen-serie og 1 "fleire-omfars" garn gav 82 aurar, største fisk var 26,7 cm og 168 gram. Gjennomsnittsvekta var 85 gram og gjennomsnittleg K-faktor 0,86. Lyseraud og kvit kjøtfarge dominerte, kvaliteten var jamnt dårleg. Veksten er middels rask dei første 3 leveåra, men avtek ved 20 cm's lengde. Luftinsekt var viktigaste føda.


Aurebestanden i vatnet er svært tett. Hardt fiske med 24-30 omfars garn vil raskt kunne betre kvalitet og storleik.

LENGDE

CM

- 7 -

5 cm. vekst/år



% AV
TOTAL

NEDRE HEIAVATN. Vekstkurve, alder- og lengdefordeling.

N = 82

